



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Vibeke O. Fagervold, 71 25 84 35

Vår dato
02.02.2015
Dykkar dato
12.06.2014

Vår ref.
2014/3953/VIFA/423.1
Dykkar ref.

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

HAREID KOMMUNE	
Omr. PUA	Saksh. SKR
06 FEB 2015	
Saks.nr. 2013/638	Dok.nr.
[Opprett.]	Klass. U43

Hareid kommune - Vedtak - klage byggesak - akvakulturanelgg ved Brandal, ny plassering - Klagar: Salmar Organic AS

Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon. Klagen har soleis ikkje ført fram.

Vi viser til kommunen sin ekspedisjon av 12.06.2014.

SalMar Organic AS har den 17.10.2013 søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for etablering av akvakulturanlegg – ny anleggs plassering for lokalitet Brandal i Hareid kommune.

I møte den 07.04.2014 har formannskapet, under sak nr. 48/14, avslått søknaden. Formannskapet viser til at plassering og forankring av anlegget utanfor NFFFA-sona i kommuneplana kjem i konflikt med lokale fiskerierter og friluftslivster i området, og at dei ikkje finn at grunnlaget for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2 er tilstades.

Vedtaket er påklaga av SalMar Organic AS ved brev datert 14.05.2014. Som grunnlag for klagen er det i det vesentlegaste anført at det virker å være en generell og utbredt motstand mot oppdrettsanlegg snarere enn ei reell arealbrukskonflikt her. Ein viser til at det vil være rikeleg med anledning til å utøve rekreasjon, ferdsel og fiskeri i dette området, sjølv om anlegget vil leggje beslag på eit bestemd areal. Ein hevdar at den omsøkte plasseringa vil ivareta omsynet til ferdsel, fiskeri og friluftsliv på ein betre måte enn dersom anlegget faktisk vert lagt langs land og innanfor NFFFA-arealet. Ved ein godkjenning av søknaden vil Salmar knytte ei av dei grøne konsesjonane til lokaliteten slik at Hareid kommune vil bli tilgodesett med deler av vederlaget som skal betalas vertskommunen.

Formannskapet behandla klagen i møte den 10.06.2014 og under sak PS FSK 83/14 har dei halde fast på vedtaket i sak nr. 48/14. I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 1-9 er saka etter dette oversend fylkesmannen som klageorgan.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles viser eg til saksdokumenta for øvrig.

Fylkesmannens merknader:

Klagen er framsett innafor lovbestemt klagefrist og vilkåra for å behandle dette som klagesak er oppfylt. Fylkesmannen kan etter dette prøve alle sider ved saka og dersom klagen vert tatt til følge kan eg endre vedtaket eller oppheve det og sende saka tilbake for ny behandling i kommunen.

Postadresse:
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon:
71 25 84 43

Telefax:
71 25 85 10

E-post:
postmottak@fmmr.no

Web:
www.fylkesmannen.no

Tiltaket er planlagt utført på eit område som er avsett til NFFFA (Natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur i kommuneplanen for Hareid. Deler av anlegget og mykje av fortøyingane blir imidlertid liggjande utanfor dette området, nærare bestemt i område sett av til NFFF ((fellesområde for natur, ferdsel og friluftsliv) og tiltaket krev difor dispensasjon.

Søker viser til at den framsatte søknaden er å anse som en erstatning for dispensasjonssøknaden datert 02.05.2013. Søknaden vert oppsummert slik av søker: *«SalMar Organic AS søker med dette om dispensasjon fra kommuneplanens arealdel da deler av anlegget og dets fortøyninger blir liggende i et NFFF- område.*

Effektiv og miljøvennlig oppdrett av laks krever i dag lokaliteter med en høy bæreevne for at man kan ha en stor produksjon av mat på et begrenset område. Undersøkelsene vi har gjennomført indikerer at området er godt egnet til oppdrett.

Det er viktig at en får mest mulig friskt varm inn i anlegget. Vi ønsker derfor å legge anlegget ut fra land slik at det blir orientert opp mot den fremherskende hovedstrømsretningen.

Endringene medfører også at anleggets arealbeslag vil være betydelig mindre i overflaten, samt at det vil være god plass for ferdsel langs land. Ankerlinene er redusert i antall, og vil være nedsenket slik at de ikke vil komme i konflikt i forhold til fiskeriaktiviteter og sjøverts ferdsel i området. Tilførsel av fôr og utstyr vil i all hovedsak skje direkte til flåten.

NFFA-områdets størrelse tilsier at det uansett ikke er avsatt med tanke på fortøyninger. Det er derfor nødvendig å søke dispensasjon uansett om selve anlegget i overflaten kommer innenfor arealet eller ei.

Vi håper at de tilpasninger som er gjort med anleggets utforming og plassering, vil imøtekomme de bekymringene i forhold til friluftsliv, ferdsel og strandsoneinteresser som fremkom i forbindelse med den offentlige utleggingen tidligere i år.»

Med heimel i pbl. § 19-2 kan kommunen gi dispensasjon frå reglar gitt i eller i medhald av plan- og bygningsloven. Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak føresegna det er aktuelt å dispensere frå eller omsyna bak lovens formålsføresegn vert vesentleg sett til side. Dersom slike omsyn ikkje vert vesentlig satt til side, må det deretter gjerast en samlet vurdering der fordelane ved dispensasjonen må vurderas opp mot ulempene. For at det skal kunne gis dispensasjon må fordelene vere klart større enn ulempene. Det vil normalt ikkje være høve til å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det søkes dispensasjon frå fortsatt gjer seg gjeldande med styrke.

Ved dispensasjon frå arealplaner må det sjåast hen til at desse som oftast har blitt til gjennom ein omfattande avgjerdsprosess og er vedteken av kommunens øvste folkevalde organ. I motsetning til dei generelle reglane i plan- og bygningslova, som skal fange opp mange ulike tilfelle, gjeld planer konkrete førehald, der kommunen har tatt uttrykkeleg stilling til korleis eit område skal nyttas. Det skal difor ikkje vere kurant å dispensere frå ei plan.

Dispensasjonar må heller ikkje undergrave planer som informasjons- og avgjerdsgrunnlag. Ut frå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i planprosessen, er det viktig at endringar i planer av betydning ikkje skjer ved dispensasjonar, men at dette vert handsama som ei endring av gjeldande plan.

Kommunen har i sitt vedtak om avslag på dispensasjon vurdert at ut i frå merknadene som ligg føre vil lokale ålmenne natur- og friluftslivinteresser og næringsinteresser knytt til strandsona og sjøområda i NFFF-sona (natur, fiske, ferdsel og friluftsliv) i kommuneplanen, og i det aktuelle etableringsområdet verte vesentleg sett til side ved dispensasjon, og at plassering og forankring av anlegget som omsøkt såleis vil vere i vesentleg konflikt med desse interessene.

I klageomgangen gjer kommunen greie for bakgrunnen for lokalisering av NFFA-området i Brandal, som var å sikre areal for eksisterande torskekonsesjon som disponerte lokaliteten. Vidare at ein både i arealdelen av kommuneplana for 2006 og ved rulleringa i 2012 har fulgt kommunen si målsetting om å legge førehalda til rette for oppdrettsnæringa ved å setje av såkalla NFFA-soner i sjøområda. Ved rulleringa av kommuneplana i 2012 vart områda der det var etablert oppdrettskonsesjonar lagt ut til NFFA-område, medan det øvrige sjøområda vart lagt ut som NFFF-område (fellesområde for natur, ferdsel og friluftsliv).

Vidare går det fram av kommunens utgreiing at ein i samband med SalMar si sondering i kommunen med m.a tanke på etablering av akvaskulturanlegg for laks, ørret og regnbueørret på lokaliteten Brandal såg klart at den avsette sona i kommuneplana ikkje var skreddarsydd for SalMar sine planer. Kommunen var likevel i utgangspunktet positiv til at det kunne søkjast dispensasjon. SalMar sette fram fyrste søknad i mai 2013 og mottok mange merknader og protestar frå bygdefolk, grunneigarar og organisasjonar. SalMar justerte sin søknad og søkte på nytt hausten 2013 og mottok tilsvarande protestar ifølgje kommunen.

Som nemnd ovanfor *kan* kommunen i medhald av pbl. § 19-2 gi dispensasjon frå reglar gitt i eller i medhald av plan- og bygningsloven. Mynde til å gi dispensasjon ligg soleis til kommunen og dei har høve til å gi dispensasjon dersom vilkåra er oppfylt. Ettersom dette er ei kan-føresegn er kommunen ikkje forplikta til å gi dispensasjon. Det er derfor ingen som har rettskrav på å få dispensasjon sjølv om vilkåra for dette skulle vere oppfylt. Det vil då være opp til kommunens frie skjønn å avgjere om dispensasjon skal gis eller ikkje. Eit avslag må imidlertid byggje på saklege og relevante omsyn, og det skal ikkje vere vilkårleg eller innebere usakleg forskjellsbehandling.

Sjølv om ein har høve til å setje fram søknad om dispensasjon ligg altså plan- og arealbruksmynde til kommunen og det er dei som avgjer arealbruken i kommunen. Kommunen har her funnet at det er lokale arealbruksinteresser som må vege tyngre enn omsyna bak søknaden om dispensasjon. Det går klart fram at kommunen ikkje finn endringa av arealbruk som omsøkte dispensasjon føreset som ønskjeleg. Avslaget som kommunen har gitt framstår som sakleg og basert på relevante arealdisponeringsomsyn, og fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til kommunens grunngjeving eller skjønnsutøving her.

Etter dette kan fylkesmannen ikkje sjå at vedtaket er i strid med plan- og bygningslova og finn difor ikkje grunnlag for å endre kommunens vedtak. Klaga har såleis ikkje ført fram.

Fylkesmannens vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 34, rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet og brev av 28.09.09 frå Kommunal- og regionaldepartementet, stadfestar fylkesmannen Haried kommunes vedtak i FSK sak nr. 48/14.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningslova § 28.

Partane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Janne Woie (e.f.)
Ass. direktør

Vibeke O. Fagervold

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Salmar Organic AS Postboks 230 6249 ØRSKOG